

Statens vegvesen, Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 17.03.2017  
Vår ref.: 2016/35109-3  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Sal av Bruravik ferjekai

Me syner til tidlegare korrespondanse og møte om saka, m.a. synfaring på Bruravik kai med Lars Øyre den 16. november 2016.

I samsvar med gjeldande retningsliner vart grunneigaren som avstod grunn til ferjekaien, Trygve Jørgen Nesheim, tilskriven i brev av 20.12.2016 med spørsmål om han var interessert i å ta over ferjekaien. Nesheim har ikkje respondert på dette, og arealet kan difor seljast til andre.

Ulvik herad er interessert i å ta over ferjekaien, og me ber difor om at Statens vegvesen set i gong ein prosess med sikte på overdraging til Ulvik herad.

Me legg til grunn at arealet vert taksert og at SVV prosjekterer/kostnadsreknar ei endring av inn/utkøyringa, og eventuelt ein del av fylkesvegen i tilknytning til dette. Arbeidet med dette må vera gjennomført før overdraginga. Andre tilhøve rundt overdraginga må løysast i dialog mellom SVV og fylkeskommunen. Fylkeskommunen legg til grunn at kostnadane med å gjennomføra tiltaka på veg og innkøyringa vert dekkja av salssummen.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Kopi: Ulvik herad

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

